# Årsrapport 2008

JÆRMUSEET











# Innhald:

Omtale av verksemda [s. 3] Organisasjon [s. 4-5] Særlege prosjekt i 2008 [s. 6-8]
Formidling [s. 9-11] Samlingar, dokumentasjon og forsking [s. 12-13]
Økonomi [s. 14] Resultatrekneskap [s. 15] Balanse [s. 16-17]
Noter [s. 18-21] Revisjonsberetning [s. 22]

# Omtale av verksemda

Jærmuseet er eit konsolidert museum og regionmuseum stifta av kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Rogaland og Agderfylka.

*Jærmuseet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi. Jærmuseet forvaltar og produserer kunnskap og formidlar kunnskapsbaserte opplevingar.*

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling. Museet skal fremja interessa for kunnskap, utdanning, forsking og kompetansebygging i vår region, og særleg stimulera barn og unge si interesse for teknologi og naturvitskap.

## JÆRMUSEET HAR TO HOVUDAVDELINGAR:

• **Vitengarden,** Nærbø, har eit særleg ansvar for biologi, geofag og dei «grøne» naturvitskapane, og formidlar kunnskap og opplevingar knytt til kulturlandskap, reiskapsutvikling, jordbruk og matproduksjon i vid forstand.

• **Vitenfabrikken,** Sandnes, har eit særleg ansvar for å formidla tilbod med utgangspunkt i Sandnes byhistorie, regional industri- og teknologihistorie, matematikk og astronomi.

## JÆRMUSEET HAR ELLES DRIFTSANSVARET FOR:

• **Hå bygdemuseum** med samlingar, Sjøredningsmuseum i Varden, gardsanlegget Grødaland og andre antikvariske bygningar i Hå kommune.

• **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske bygningar i Gjesdal kommune.

• **Klepp bygdemuseum** med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune.

• **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og gjenstandssamlingar, samt Sjøbruksmuseet i Tungevågen. Frå 2009 overtar Jærmuseet også driftsansvaret for Tungenes fyr og Vistnestunet.

• **Science Circus,** Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i Rogaland og Agderfylka.

• Prosjektet **Nasjonalt Garborgsenter** blei overført til Jærmuseet våren 2008.

• Jærmuseet forvaltar i alt 5 537 m$^2$ i antikvariske bygningar og 13.243 m$^2$ bygningsmasse fordelt på andre museumsbygg, driftsbygningar og lager.

• Jærmuseet/Vitengarden forvaltar **Hanabergmarka** kulturminne- og friluftsområde. Dette er eit 670 da stort statleg kulturminne- og friluftsområde som grensar til museumsområdet på Kvia og som museet lenge har nytta både til formidlings- og forskingsformål.

• Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard til museumsstatistikken, og HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten og 150 000 kroner frå Rogaland fylkeskommune gjennom Jærmuseet.



Nybygget til Vitenfabrikken opna 22. mai 2008. Den «magiske» fasaden kan skifta lys og farge og blir eit signalbygg for heile regionen.
Foto: Morten Brun, Jærmuseet.

Jærmuseet sitt hovudkontor ligg på Vitengarden, Nærbø. →
Foto: Morten Brun, Jærmuseet.



# Organisasjon

## STYRET

Pr. 31.12.2008 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

- Arne Norheim, styreleiar, oppnemnd på fritt grunnlag
  [Vara: Torleiv Bilstad]
- Inglen Haugland, oppnemnd på fritt grunnlag
  [Vara: Tobias Ånestad]
- Tom Tvedt, nestleiar, Rogaland fylkeskommune
  [Vara: Ellen Solheim]
- Olaug V. Bollestad, Gjesdal kommune
  [Vara: Torill Idland]
- Magnar Matningsdal, Hå kommune
  [Vara: Terje Mjåtveit]
- Elfin Lea, Klepp kommune
  [Vara: Torbjørn Hovland]
- Øyvind Revheim, Randaberg kommune
  [Vara: Tone Tvedt Nybø]
- Norunn Østråt Koksvik, Sandnes kommune
  [Vara: Stanley Wirak]
- Per Øhman, Sola kommune
  [Vara: Per Inge Ruud]
- Brigt Åge Høyland, Time kommune
  [Vara: Michael Evans]
- Sven Gundersen, tilsette
  [Vara: Ingeborg Nærland Skjærpe]

«Nysgjerrigper» er ein forskingskonkurranse for elevar i grunnskulen. Jærmuseet har ansvar for den regionale finalen i «Region Sør», dvs. Rogaland, Agderfylka, Telemark og Vestfold. Dei beste prosjekta blir inviterte til å presentera arbeida sine på den årlege Nysgjerrigperdagen på Vitengarden.
Foto: Helene Ø. Larsen, Jærmuseet.







Personalturen i 2008 gjekk til Dalane. Her er det stopp ved dei berømte husa Helleren i Jøssingfjorden. →
Foto: Jærmuseet.



«Teknikkens dag» er ein av dei årvisse aktivitetsdagane på Vitengarden som alltid samlar mange teknisk interesserte jærbuar. Her demonstrerer Johannes Line modellen sin av ein damptraktor.
Foto: Helene Ø. Larsen, Jærmuseet.

## ÅRSVERK

I 2008 blei det utført 43 årsverk i Jærmuseet, inkludert 1 årsverk utført av frivillige. Det er 7 årsverk meir enn i 2007. 38 personar var fast tilsette, om lag 70 personar, inkludert vertar, hadde faste arbeidsavtalar med museet. I alt mottok over 140 personar løn frå Jærmuseet i 2008.

## LIKESTILLING

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Av dei faste medarbeidarane var 25 kvinner og 13 menn. Direktør, nestleiar og to avdelingsleiarar er kvinner. Styret består av tre kvinner, og 8 menn, medrekna styreleiar.

## PERSONAL- OG KOMPETANSEUTVIKLING

Fleire medarbeidarar har fått støtte til kurs og vidareutdanning som har gitt studiepoeng. Jærmuseet har dessutan lagt vekt på å skulera personalet gjennom eigne personalsamlingar og studieturar til andre museum og vitensentra i inn- og utland.

## ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt. I 2008 var det langtidssjukemelding frå to deltidstilsette. Elles er det rapportert 285 sjukefråværsdagar. Samla sjukefråvær var 2,8 %.

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljø.

## MUSEUMSREFORMA

Jærmuseet har også i 2008 følgt opp arbeidet med konsolidering av musea i Jærkommunane. Museet overtok formelt driftsansvaret for prosjektet Nasjonalt Garborgsenter i Time frå 1. juni 2008.

I 2008 blei det og inngått konsolideringsavtale med Randaberg kommune om drifta av Vistnestunet og Tungenes fyr som ledd i etableringa av eit etatsmuseum for Kystverket.

Sola kommune ønskjer å samlokalisera Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistoriske Museum i Sømmevågen, og konsolidera desse to private musea inn i Jærmuseet. Styreleiarane i dei to musea har stilt seg positive til forslaget. Dersom styra i musea sluttar opp om dette, tar ein sikte på å inngå konsolideringsavtalen første kvartal i 2009. Kulturdepartementet har sett 1. april 2009 som siste frist for søknad om å få del i dei statlege konsolideringsmidlane.

## REGIONAL VITENSENTERROLLE

Som regionalt vitensenter skal Jærmuseet prøva å gi eit vitensentertilbod til heile sin region. Den oppgåva har ein først og fremst løyst ved at Science Circus har turnert til skular i Rogaland og Agderfylka. I 2008 hadde Science Circus 56 turnedagar, besøkte 50 skular, hadde opplegg for 15 375 elevar og kurs for 612 lærarar. Hausten 2008 var den ambulerande utstillinga utlånt til Haugalandmuseene.

Science Circus har elles deltatt i Vannfestivalen på Ålgård 17. august, Forskningsdagane i Tysvær – med «Babeluba», utstilling og show, Ekstremverveka på Utsira skule og Forskningsnatt i Haugesund.

## RÅDGJEVING

Jærmuseet har vore representert i juryen for nytt vitensenter i Trondheim, og m.a. gitt råd i samband med planlegginga av nybygg i Tromsø og planlegginga av eit vitensenter i Arendal Kunnskapshavn.

Jærmuseet er med i undervisningsgruppa for det planlagde opplevingssenteret i Jøssingfjord, fordi kommunen ønskjer å dra nytte av våre erfaringar med interaktiv formidling.

# Særlege prosjekt i 2008

## NYBYGG MED PLANETARIUM, VITENFABRIKKEN

Nybygget for Vitenfabrikken opna 22. mai 2008. Sandnes kommune er byggherre for prosjektet som har ei kostnadsramme på 95 mill. kroner eks. mva. Det største bidraget er 45 mill. frå Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune har gitt 17 mill., dei øvrege jærkommunane 4 mill. og Sparebank 1, SR-bank 4 mill., medan Sandnes kommune sjølv har bidrege med 30 mill. + tomt.

I bygget er det også eit moderne planetarium med ein optisk-mekanisk stjerneprojektor og digital multimedia projektor til visning av film og eigenproduserte show. Planetariet er finansiert med sponsormidlar. Ei eiga sponsorgruppe med folk frå det lokale næringslivet (Arne Norheim, Bjørn Stangeland, Erik Eik) har samla inn 24 mill. i private midlar. Den største private bidragsytaren er Jens Ulltveit Moe som har gitt 10 mill. til prosjektet, noko som har gitt opphav til namnet «Umoe-planetariet».

Øvrege sponsorar til plantetariet: Skagen fondene (2 mill.), Seabrokers AS (2 mill.), Skretting (2 mill.), Eni Norge (2 mill.), Dong Energy (2 mill.), IKM Gruppen (1,2 mill.), DSD (1 mill.), Herfo Finans (1 mill.), Sparebanken Vest (0,5 mill.), Øglænd systems (0,5 mill.).

### Abels skissebok

Opningsutstillinga «Abels skissebok», som omfattar omlag 1500 $m^2$, er eit 2008-prosjekt og fekk gjennom dette eit tilskot på 6,2 mill. frå «Stavanger 2008». I tillegg er det også til denne utstillinga samla inn betydelege gåvesummar og sponsormidlar. SR-bank har gitt den største gåvesummen på 6,2 mill. kroner! Følgjande andre firma har gitt over 1 mill. kroner: Sandnes sparebank (2 mill.), IVAR (1,5 mill.), Forus næringspark (1,5 mill.), Exxon Mobil (1,2 mill.), Kvernstuen, Torunn og Ole Sveinung (1 mill.), Hitec (1 mill.), Styrbjørn AS (1 mill.), Smedvig (1 mill.). I tillegg er det gitt bidrag frå UiS, Abelfondet, Melvær&Lien, DnB NOR, Lyse AS, Kvadrat drift, Sparebank Vest, Norges Forskningsråd, Marathon oil, Kruse Smith, Cowi, Nito Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Vitenfabrikkens Venner og Tekna Rogaland. Inkludert 2008-midlane er det komme inn vel 26 mill. til prosjektet. Vitenfabrikken er eitt av dei museumsprosjekta i landet (utanom Oslo) som har fått inn mest private midlar dei siste åra! Jærmuseet har sjølv bidrege med om lag 4,5 mill. i eigeninnsats. I årsverk har fellesressursane i museet (tilsette utanom den faste staben ved Vitenfabrikken) i perioden 2006 – 2008 lagt ned 7,2 årsverk i prosjektet.

Utstillinga skal utviklast vidare i åra framover, med større vekt på tema i tilknyting til regional industrihistorie.

Styret takkar alle som gjennom gåver, økonomiske tilskot og andre bidrag har vore med å realisera prosjektet.

### Observasjonsterrassen

10. september var det ny opningsseremoni på Vitenfabrikken. Denne kvelden skulle den nye observasjonsterrassen innviast av årets Kavliprisvinnarar i astrofysikk, professor emeritus Maarten Schmidt frå California Institute of Technology og professor emeritus Donald Lynden-Bell ved Cambridge University.

Kavliprisen er initiert av den norsk-amerikanske forretningsmannen Fred Kavli og blei delt ut for første gang i 2008. Den går til framragande forsking innanfor astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap, og prissummen er 1 mill. dollar til kvart prisområde.

Arrangementet var eit samarbeid med Det Norske Videnskaps-Akademi, NHO Rogaland, UiS, Stavanger Astronomiske Foreining og Norsk Romsenter.

## NASJONALT GARBORGSENTER

Jærmuseet overtok formelt driftsansvaret for Nasjonalt Garborgsenter 1. juni 2008. Forprosjektfasen tok til i 2006. Forprosjektrapporten blei behandla i styringsgruppa og styret i Jærmuseet våren 2008, og danna grunnlaget for Jærmuseet sin søknad om drifts- og investeringsmidlar i budsjettsøknaden vår til Kulturdepartementet for 2009.

Under sluttbehandlinga av kulturbudsjettet hausten 2008 vedtok ein samrøystes kulturkomite i Stortinget støtte til prosjektet under kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål, post 78. Dette resulterte i ei ekstraløyving til Jærmuseet på 0,5 mill. kroner for 2009. I tillegg har Time kommune gitt eit tilsvarande driftstilskot til Garborgsenteret for kommande år.

I samband med planlegginga av innholdet i Garborgsenteret har dei vidaregåande skulane i Asker, Time og Tynset peika ut eit brukarpanel med seks elevar frå ein 1. klasse ved kvar skule som skal følgja prosjektet fram til opninga, og vera ein ressurs for å sikra at senteret og utstillingane treff målgruppene sine. Panelet er alt i gang, og ungdommane hadde si første samling i Oslo hausten 2008.

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet og Time kommune skal Garborgsenteret driva prosjektet «Mot til å meina». Fem elevar frå tre ulike vidaregåande skular i Rogaland, Bryne, Sauda og Jørpeland, skal gjennomføra eit prosjekt for å auka deltakinga i politisk arbeid og oppslutninga ved kommunevalet i 2011 mellom personar under 26 år.






I utstillinga Abels skissebok ser ein m.a. på kroppen som eit verktøy for å skapa kunst. Er det likskap mellom å stå på rullebrett og dansa ballett?
Foto: Hallvard Nygård, Jærmuseet.



Frå dei nye utstillingane på Vitenfabrikken. Mange av eksperimenta i Abels skissebok har tilknyting til regional industrihistorie. På stasjonen nedanfor kan du læra kan du læra meir om leirvareindustrien. Du kan prøva korleis det er å sitta ved eit samleband. Her er det om å gjera å produsera koppar på kortast muleg tid.
Foto: Morten Brun, Jærmuseet.



## MANGFALDSÅRET 2008

Frå Kulturdepartementet var det bestemt at alle museum som fekk tilskot frå KKD skulle markera Mangfaldsåret 2008. St.meld. nr. 17 (2005–2006), om «2008 som markeringsår for kulturelt mangfold», framhevar at det er naturleg å sjå eit markeringsår for kulturelt mangfald i samanheng med Norges utanrikskulturelle aktivitetar, og at markeringsåret skal koplast til regjeringa sin strategi for norsk kultursamarbeid med utviklingsland. På denne bakgrunn vedtok styret i 2007 at Jærmuseet sitt bidrag til Mangfaldsåret var prosjektet «En verden på spill», – ei utstilling som handlar om FN sine 2015 mål. Dette er eit samarbeid med det danske vitensenteret Eksperimentarium i København. Prosjektet har ei kostnadsramme på 4,5 mill. DKR, og er i hovudsak finansiert av dansk UD, ulike danske fond, Experimentarium og Nordisk Kulturfond. Frå norsk side bidrar NORAD med 300.000,-, SR-bank med 400.000 og Jærmuseet med 500.000 i eigne midlar. Utstillinga opnar på Experimentarium 1. april 2009, og på Jærmuseet Vitengarden hausten 2010, og mangfaldsperspektivet vil på ulike vis bli integrert i Jærmuseet sine aktivitetar i åra framover.

## KYSTVERKMUSEA

Frå og med statsbudsjettet 2008 gir Fiskeri- og kystdepartementet, via Kystverket, årlege driftstilskot til eit eige etatsmuseum for Kystverket. Etatsmuseet er organisert som ein nettverksmodell med eit felles nasjonalt dokumentasjonsansvar fordelt mellom Lindesnes fyrmuseum, Jærmuseet, Sunnmøre Museum og Museum Nord.

Etatsmuseet blei formelt opna på Lindesnes av fiskeri- og kystminister Helga Pedersen 8. september 2008. Dei andre institusjonane fekk gi korte presentasjonar og bidra med eit kulturinnslag frå regionen. Det er nå bestemt at etatsmuseet for Kystverket får namnet «Kystverkmusea». Jærmuseet overtar formelt driftsansvaret for Tungenes frå 1. januar 2009. Før nyttår tilsette Jærmuseet ein eigen fagkonsulent med ansvar for Tungenes fyr, og han tar til i stillinga 1. april 2009. Frå 2009 går FKD inn med 1 mill. kroner i årlege driftstilskot til Tungenes fyr. Dette skal utgjera 60 % av det totale driftstilskotet, og vertskommunen Randaberg og Rogaland fylkeskommune må til saman dekka 40 % av driftsbudsjettet.

## BESØK OG OPNINGSTIDER

Jærmuseet sine anlegg hadde til saman 114 305 gjester i 2008. Inkludert 45 740 besøkande på Hå gamle prestegard kan Jærmuseet rapportera eit samla besøkstal på over 160 000! Av dette utgjorde barn og unge i organiserte opplegg vel 43 000. Den nye Vitenfabrikken trekte heile 46 631 gjester dei første sju månadane, medan Vitengarden også sette ny publikumsrekord med nær 46 453 besøkande.

Museet har ei utfordring når det gjeld å auka besøkstala på dei lokale anlegga, sjølv om det blei registrert ein mindre auke dette året. Frå 2008 blei det innført fri entre på desse anlegga.

Alle klassebesøk frå grunnskulen har gratis inngang til museet sine anlegg. Elevane som besøker museet saman med klassen sin får dessutan ein fribillett for resten av året. Mange kjem tilbake i helgane med familiane sine. Alle innehavarar av ledsagarbevis får fribillett til følgjeperson. Det er gratis inngang for alle ungdommar som har kjøpt kulturkortet til Rogaland fylkeskommune.

Flest opningstimar for det allmenne publikum hadde avdelinga Vitengarden med 1735 timar, i tillegg hadde museet ope 1134 timar for grupper utanom opningstid. Det har vore svært godt gruppebesøk, særleg frå ulike bedrifter, på Vitenfabrikken sidan opninga.

## STATUS OG TILTAK FOR TILRETTELEGGING FOR UNIVERSELL UTFORMING

I oppbygginga av nye utstillingar på Vitengarden og Vitenfabrikken har ein hatt fokus på å kunna legga til rette for at anlegg og utstillingar blir tilrettelagt for alle. Ergoterapistudentar har gitt nyttige råd og innspel i prosessane omkring universell utforming.



Både på Vitengarden og Vitenfabrikken har ein hatt fokus på at anlegg og utstillingar blir tilrettelagt for alle. Ergoterapistudentane Alice Bryne, May Rita Hadland og Marta Litangen Karagarajah har gitt nyttige råd og innspel i prosessane omkring universell utforming. →
Foto: Jærmuseet.



← Jærmuseet blei i 2008 nominert til «European Museum of the Year Award» for 2009, EMYA. To av jurymedlemmene, François-Xavier Nève de Mévergnies frå Universitetet i Liège, Belgia (t.v.) og Dr. Mikhail Gnedovsky, direktør for «the Cultural Policy Institute» i Moskva (t.h) besøkte oss i august. Her inspirerer dei museet sin nyrestaurerte landbruksmotor av typen «Sandbecken råoljemotor» saman med Einar Schibevaag, prosjektleiar for Nasjonalt Garborgsenter.
Foto: Jærmuseet.








[1] På Limagarden i Gjesdal kan både barn og vaksne bli kjent med gamle husflidstradisjonar. Tolleiv Aasen viser korleis ein lagar bregda sokkeband. Foto: J. O. Grimstvedt, JM
[2] Handverkar Ted Jonny Taraldsen smidde sauebjøller på aktivitetsdag på Limagarden, og publikum fekk slå namnet sitt på saueklaven. Foto: J. O. Grimstvedt, Jærmuseet.
[3] 10. klassingen Edin Adzemovik vann Exxon Mobils energiquizz 2008, og fekk overlevert sykkel under Forskingsdagane på Vitenfabrikken. Foto: Jærmuseet.
[4] Fleire av avdelingane våre tilbyr særskilde sommaraktivitetar for barn. På Vitengarden fekk elevar frå Hå vera med på «Eksperimentveka» der bygging av solcellebåtar var ein av aktivitetane. Foto: Ivar Reed Nakken, Jærmuseet.

# Formidling

## UTSTILLINGAR

Utvikling og produksjon av nye utstillingar har i hovudsak vore knytt til arbeidet med «Abels skissebok» på Vitenfabrikken. Abels skissebok er ei interaktiv utstillinga som handlar om møte mellom kunst, teknologi og vitskap. Utstillinga er todelt. I første etasje ser ein på kroppen som reiskap for å skapa, der føresetnadene ligg i hjernen og i genene våre. I neste etasje er tema verktøy og materialar – leire, tre, metall og tekstil, materialar som alle har tilknyting til regional industrihistorie. I tillegg er det eigne avdelingar for hjelpemidlar som energi og logistikk.
På Vitenfabrikken finn du og Abelloftet, byhistoriske utstilllingar og Krossens Havremølle.

- **Basisutstillingane på Vitengarden**, har kun gjennomgått nødvendig vedlikehald og mindre utbetringar. Desse består av 1200 m² interaktive vitensenterutstillingar, 400 m² studiemagasin og miljøutstilingar i heimehuset på Kviagarden.

- **Eigenproduserte utstillingar i 2008:** 14. september–5. oktober: «Andre tider. Aadne Stangeland i foto og tekst». Haugabakka, Klepp bygdemuseum. Samarbeid med Klepp Historielag.

- **Temporær utstilling:** «Edderkoppar og andre kravlande kryp», oktober–november, på Vitengarden, innlån frå Akvariet i Bergen.

- **Utlån av utstillingar:** Science Circus sine mobile eksperiment var hausten 2008 utlånt til Haugalandmuseene i Haugesund. Utstillinga trekte i alt 2800 besøkande. Desse tala blir rapport i publikumsstatistikken for Haugalandsmuseene.

## UNDERVISING

Jærmuseet kunne i 2008 tilby om lag 100 undervisingsopplegg på ulike lokalitetar. Museet sine eigne anlegg hadde nær 13 500 fleire elevar i 2008 enn året før – i stor grad skuldast dette at undervisinga ved Vitenfabrikken var stengd store delar av 2007, men også Vitengarden og Science Circus auka elevtalet. Elevane i grunnskulen har vore den viktigaste målgruppa, men i 2008 har museet følgt opp målsettingane om å auka tilbodet til, og besøket frå, vidaregåande skular. Storparten av veksten i skulebesøket på Vitengarden har komme frå dette segmentet. Det er likevel barnetrinnet som dominerer besøka.

Jærmuseet har og eit prøveprosjekt med lokale skular for elevar med særlege behov for alternative læringsarenaer.

Museet trykker ein eigen undervisingskatalog som presenterer dei ulike tilboda til ulike klassesteg, og som blir distribuert til skulane i stiftarkommuane og til skular som har besøkt oss frå andre deler av fylket. Undervisingskatalogen er lagt ut på www.jaermuseet.no.

**Barnehage**

Vitengarden og Science Circus har inngått samarbeid med Eivindsholen barnehage i Time som har særleg fokus på realfag. Særlege tema er kvardagskjemi, representert ved «Dragen Berta» og skattejakt med GPS. Samarbeidet har vore svært vellukka og vil bli vidareført i 2009.

**Lærarkurs/lærarstudentar**

Særleg Science Circus har dei siste åra lagt vekt på å utvikla nye lærarkurs, og tilbydde i 2008 nærare 20 ulike kursopplegg. Vitengarden har hatt lærarkurs innanfor geologi og gis/gps der geofagslærarar er ei særleg målgruppe. Museet heldt kurs for til saman 629 lærarar, i tillegg kjem ein gode del omvisingar og orienteringar for lærarar både på Vitengarden og Vitenfabrikken.

Både Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus er praksisarena for lærarstudentar ved UiS.

## ANDRE TILTAK FOR BARN OG UNGE

Jærmuseet har ansvar for å gjennomføra regionale finalar i konkurransane Unge Forskarar og Nysgjerrigper, inkludert eigne arrangement med prisutdeling og presentasjonar.

I sommarferien blei det arrangert aktivitetsveker/eksperimentveke/sommarskule for elevar i Gjesdal, Hå og Sandnes på hhv. Limagarden, Grødaland, Vitengarden og Vitenfabrikken.

Vitengarden laga til særlege aktivitetar for barn i vinter- og haustferien med utgangspunkt i tema knytt til «Planeten Jordas år».

Rogaland 4H, Hå kommune og Vitengarden arrangerte i tillegg «4H – matskule» i haustferien 6. oktober–10. oktober med 21 barn frå Ogna i sør til Orre i nord.



Jærmuseet har dei siste par åra auka satsinga mot vidaregåande skular. På Vitengarden har ein m.a. knytt undervisinga opp mot GIS- og lyngprosjektet i Hanabergmarka. Her tar elevane jordprøvar som ledd i vegetasjonsanalysen.
Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

← Temautstillinga på Haugabakka i 2008 var «Andre tider. Aadne Stangeland i foto og tekst». Kleppsbuane Jarle Braut, Bernt Øvregaard og ordførar Elfin Lea i ivrig diskusjon under opninga.
Foto: Målfrid Grimstvedt, JM





← I mai hadde Hå historie- og ættesogelag invitert arkeolog og professor emeritus Arne Emil Christensen til å snakka om skipsrissa i gamlehuset på Grødaland – «fortidens grafitti?» Meir om desse skipsrissa og andre slike ristningar kan du lesa i *Sjå Jæren* 2008.
Foto: Hans Torgny Indrebø.



Den store publikumssuksessen på Vitengarden i 2008 var utstillinga «Edderkoppar og andre kravlande kryp». →
Foto: Bjørg Sandve, Jærmuseet.



Vitenfabrikken hadde opne temaveker i vinter- og haustferien.

I september blei «Asteroidene», etablert. Dette er Stavanger Astronomiske foreining si junioravdeling med base i Vitenfabrikken.

Me tilbydde forskarkurs til barn i Time, Randaberg og Sandnes etter opplegg frå «Forskerfabrikken» i Oslo. Dette er ei foreining som utviklar forskarkurs til barn innan teknologi og naturvitskap. Kursa blir i hovudsak gjennomførde som eit alternativt fritidstilbod på ettermiddag eller kveldstid. Erfaringane til Forskerfabrikken er at dei fleste av dei barna som deltar på forskarkursa får ei positiv holdning til forsking og forskarar.

Science Circus hadde aktivitetsopplegg med solenergi på Vennergidagen til ENOVA i Stavanger 5. juni. 5500 elevar frå distriktet var samla på torget der.

## AKTIVITETAR OG ARRANGEMENT

Jærmuseet arrangerer ei rekke aktivitetsdagar og arrangement på dei ulike avdelingane. Frå aktivitetskalenderen i 2008 kan nemnast:

**Februar:** Vinterferie, «Luftige aktivitetar», Vitengarden.

**Mars:** Regional prisutdeling Unge Forskarar, Vitengarden Eggande påskeaktivitetar, Vitengarden.

**April:** 4H dag, Vitengarden.

**Mai:** Opning av Vitenfabrikken ved Abelsprisvinnar John Griggs Thompson, assistert av forskingsminister Tora Aasland. | Sykkeldag, Vitengarden, samarbeid med Hå Gamle Prestegard, Hå Kommune og Folkehelsen i Hå.

**Juni:** Redningsdag, aktivitetsdag Varden Sjøredningsmuseum | Midtsommarfest og bakedag, Grødaland Nysgjerrigper, regional finale, Vitengarden.

**Juli:** «Møt bondekona på garden», Vitengarden

**August:** Teknikkens dag, Vitengarden | «Vitensenteret midt i matfatet», fiskedag, Vitengarden, samarbeid med Rogaland Jeger og fisk.

**September:** Husflidsdag, Vitengarden | Geologiens dag, Vitengarden | «Sauen frå a til å», Vitengarden | Nasjonal opning av Forskingsdagane 2008 på Vitenfabrikken, ved forskingsminister Tora Aasland. Dette var første gang at opninga av Forskingsdagane blei lagt utanfor Oslo | Abels abligøyer, matematikk teater for store og små barn | «Stjerner i sikte», «Researchers night» med den verdskjente sopranen Elisabeth Nordberg Schulz, Vitenfabrikken | Opning av fotoutstillinga om Aadne Stangeland, Haugabakka | 4H dag, Vitengarden | Potetkaker og gamle leiker, aktivitetsdag Grødaland | Sau og ull, aktivitetsdag Limagarden | Luft under vingane, aktivitetsdag Flyhistorisk Museum Sola.

**Oktober:** Edderkoppar og andre kravlande kryp, opning av utstilling Vitengarden.

**November:** «Dette æ vel´kje matte?», aktivitetsdag Vitengarden | Biennale for elektronisk og ustabil kunst, Vitenfabrikken | Bronsealderastronomi, Vitenfabrikken | «Jul i gamle dagar», Vitengarden

**Desember:** «Sølvsmed for en dag», Vitenfabrikken | «Vitenfabrikken synger!» Avslutning for Stavanger2008

**«Dugnadsfest»**

Jærmuseet sine ulike avdelingar har etter kvart mange frivillige og gode hjelparar.

Som takk for innsatsen gjennom året har museet dei siste åra arrangert ein eigen dugnadsfest, med god servering, for dei frivillige frå Hå Historie- og ættesogelag, Klepp historielag, Jæren Kystlag, Vennelaget for Jærmuseet Vitengarden, og gode medhjelparar frå Randaberg og Gjesdal. Dugnadsfesten dette året talde over 60 deltakarar og blei halden på Vitenfabrikken.

## PUBLIKASJONAR

Jærmuseet gir kvart år ut årboka «Sjå Jæren». Dei fleste artiklane i årets utgåve handla om utnyttinga av strand- og havressursane langs Jærkysten.

**Fordeling på klassesteg og anlegg i 2008** [medrekna Hå gamle prestegard]:

| | VITENGARDEN | | VITENFABRIKKEN | | HÅ BM | | GJESDAL BM | | KLEPP BM | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2008** | **2007** | **2 008** | **2007** | **2008** | **2007** | **2008** | **2007** | **2008** | **2007** |
| Barnehagar | 2 517 | 1 752 | 424 | 48 | 30 | 36 | 0 | 13 | 0 | |
| Barnetrinnet | 6 318 | 6 503 | 4 041 | 444 | 94 | 57 | 724 | 802 | 32 | 34 |
| Ungdomstrinn. | 1 583 | 1 698 | 2 328 | 222 | 190 | 0 | 20 | 0 | 138 | 206 |
| Vid. Skular | 1 174 | 590 | 1 212 | 0 | 42 | 0 | 52 | 12 | 0 | |
| SFO, fritidsgr. | 1 758 | 1 228 | 462 | | 145 | 171 | 200 | 175 | 0 | |
| Studentar | 194 | 75 | 123 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| **Sum** | **13 544** | **11 846** | **8 590** | **714** | **501** | **264** | **996** | **1 002** | **170** | **240** |
| Anna publikum | 28 971 | 26 473 | 36 573 | 3 371 | 1355 | 1 176 | 659 | 732 | 374 | 71 |
| Utleige | 3 938 | 2 864 | 1 468 | 344 | 0 | | 70 | | 0 | |
| **Sum i alt** | **46 453** | **41 183** | **46 631** | **4 429** | **1856** | **1 440** | **1725** | **1 734** | **544** | **311** |

| | RANDABERG BM ** | | SCIENCE CIRCUS | | FMS * | | SUM eigne anlegg | | HGP | | SUM inkl. HGP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2008** | **2007** | **2008** | **2007** | **2008** | **2007** | **2008** | **2007** | **2008** | **2007** | **2008** |
| Barnehagar | | | | | | | 2 971 | 1 849 | | | |
| Barnetrinnet | | | 12020 | 7 453 | 28 | 499 | 23 257 | 15 792 | | | |
| Ungdomstrinn. | | 54 | 3392 | 3 812 | | | 7 651 | 5 992 | | | |
| Vid. Skular | | | 320 | 110 | | | 2 800 | 712 | | | |
| SFO, fritidsgr. | | 11 | | | | | 2 565 | 1 585 | | | |
| Studentar | | | | 32 | | | 317 | 107 | | | |
| **Sum** | | **65** | **15 732** | **11 407** | **28** | **499** | **39 561** | **26 037** | **3 500** | | **43 061** |
| Anna publikum | | 83 | 1364 | 612 | | 42 | 69 296 | 32 560 | 42 240 | | |
| Utleige | | | | | | | 5 476 | 3 208 | | | |
| **Sum i alt** | | **148** | **17 096** | **12 019** | **28** | **541** | **114 333** | **61 805** | **45 740** | **39 713** | **160 073** |

* På grunn av ombygging i utstillingane fekke ikkje Jærmuseet gjennomført undervising her i 2008
** Ikkje tald i 2008

# Samlingar, dokumentasjon og forsking

## NASJONALE NETTVERK

Jærmuseet deltok i 2008 i to nasjonale museumsnettverk:

- **Samtidsnettverket:** To av det vitskaplege personalet i Jærmuseet har samarbeid tett med to kollegaer frå Akershus fylkesmuseum om delprosjektet «Konfliktar i kvardagen» med utgangspunkt i tema «mat». Prosjektet blei avslutta i 2008 og resultatet er m.a. fire separate artiklar som blir publisert i ei artikkelsamling som kjem i 2009.

- **Kulturlandskapsnettverket:** Jærmuseet har sidan 2004 arbeidd med prosjektet «Skjøtsel og tilbakeføring av lynghei på Låg-Jæren», i tett samarbeid med Bioforsk Vest, Hå kommune og Fylkesmannen. Prosjektet har eit 12 års perspektiv. Frå 2008 har Kulturlandskapsnettverket sett i gang samarbeidsprosjektet «Norgesgarden» der Jærmuseet er ein av deltakarane.

## ANDRE SAMARBEIDSPROSJEKT

**Energieksperiment på hjul**

